



Vang kommune

ArkivSakID: 26/211
JournalpostID: 26/1975
ArkivID: K1-033
Saksbehandlar: Monica Søndrol

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/26	Kommunestyret	19.03.2026

Spontanspørjetimen

Alle kommunestyremedlemmer og innbyggjarar i kommunen kan stille spørsmål til kommunestyret.

Spontanspørsmål skal reisas ved innleiinga av møtet. Runda med spontanspørsmål kan totalt ha ein varigheit på maksimum 30 min.

Dei kommunestyrerepresentantane som ynskjer å stille spontanspørsmål teiknar seg ved opning av møtet. Ordførar avgjer rekkefølge på spørjarane. Spørsmåla skal være munnlege og korte - avgrensa til eit minutt.

Dei trenger ikkje vere gjort kjent på førehand. Kommunestyrerepresentantane kan ikkje pårekna å få svar på spontanspørsmål under same kommunestyremøte. Spørsmåla skal rettast til ordføraren. Ordføraren kan overlate til andre å svare på spørsmålet. Taletida for svarer er to minutt. Spørjar får høve til eit spørsmål eller ein kommentar etter at svar er gitt.

Elles vert det ikkje høve til ordskifte. Kommunestyrerepresentantane kan ikkje pårekna å få svar på spontanspørsmål under same kommunestyremøte. Svaret kan gjevast skriftleg etter møte eller i neste kommunestyremøte.